
Fra: Paal-Jøran Carlsen <paal@ogarkitekter.no>
Sendt: 21. februar 2014 06:39
Til: Postmottak Meland
Kopi: Bjarte Buanes; bard@newlearning.no; Frank Rune Dale (frank@terrator.com)
Emne: Bestilling av forhåndskonferanse for tiltak på tom med gnr.24/ bnr.126 - Langeland, Meland kommune
Vedlegg: Fasader 1.pdf; Fasader 2.pdf; Illustrasjoner.pdf; Kart fra Nordhordlandskart.pdf; Plan 1.etasje.pdf; Plan 2.etasje.pdf; Situasjonsplan med skisser.pdf; Snitt.pdf
Kategorier: Grønn kategori

Hei!

Vi vil med dette bestille forhåndskonferanse for tiltak på eigedom med gnr.24/ bnr.126, Torvvegen på Langeland i Meland kommune.

Tomta er del av område B5 i gjeldande reguleringsplan; «*Reguleringsplan for delar av gnr.24 bnr.5 og 7 - Langeland*». Tiltaket gjeld oppføring av bustad.

Det er lagt ved teiningar som viser omfang av planlagt tiltak, korleis huset er tenkt plassert i terreng, samt tilknytning til eksisterande intern fellesveg.

Huset er tenkt løyst med 2 etasjar, med inngang på øvste plan (hovudetasje). Inngang til bustaden ligg i same plan som parkeringsplass/garasje, og hovudplanet vert utforma som tilgjengelig bu-eining.

Arkitektur for huset skal vere i tråd med intensjonane som ligg til grunn for overordna plan, med eit modernistisk uttrykk. Her ser ein for seg ståande trekledning som hovudoppslag, med detaljering og materialbruk som føyer seg til «strøkskaraktéren» for området.

Tomta har eit areal på 1861m².

Huset har foreløpig eit samla areal på BRA = 368,8m² (inkl. garasje, bodar etc).

Dette gir ei tomteutnytting på TU = 19,8%.

Delområde B5 i reguleringsplanen opnar for ei tomteutnytting BYA på maks. 24%. Her skal ikkje utvendig parkeringsareal eller areal for hageinstallasjonar/terrassar på terreng inkluderast.

Tiltaket tilsvarar foreløpig ei utnytting på BYA = 16,9%.

Tiltakshaver er:

Kristine og Bård Magnus Dale

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS er ansvarlig søkar og prosjekterande for tiltaket.

Med vennlig hilsen

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS

Ikenberget 12 - P.boks 12 – 5907 Alversund

PÅL-JØRAN CARLSEN
Sivilarkitekt

Tlf: 400 41 614

